

## To julebutikker tett i tett.

08.12.2016



Anita, Gro og Mary Ann er klar for storinnrykk i tida fram til jul.

Vi har før skrive om Julegrana, nissen, lokal julemat, strikkaplagg og pyntegjenstandar til jul. No vil vi ha fokus på to juledekorerte butikkar som ligg tett i tett langs Fylkesvegen gjennom sentrum. Det er Gro's Blomster og Julebua til Inger Lise Eidsvik. Begge har det travelt i førjulstida. Gro Myklebust bed alle vera ute i god tid med tinging på telefon 53471100 av blomar, samanplatingar og juledekorasjonar. Ikkje vent med bestillingane til dei siste dagane før juleafta.



Blomebutikken i Uskedalen med juledekorasjon ute og inne.

Alt i august måned vert det lagt ein plan for innkjøpet til jul. All varelevering kjem frå Bergen, 2 - 3 gonger i veka. Det skal god logistikk til for å ta mot og ha plass til alle varene. Alt skal i hus før det vert brukt i butikken eller på bakrommet for å gjera klar dekorasjonar, samanplatningar, mosekransar og anna gravpynt. På toppen kjem oppdrag som binderi til gravferder.





[Det skal vera god plan og logistikk for å kunna ta hand om så mykje varer på ei lita golvflate.](#)

Mykje vert levert og skal ut til jul. Gro har faste avtalar med lag, organisasjonar, bedrifter om levering av blomehelsingar. Ho snakkar om å pynta opp ein plante, ein aukande tendens dei siste åra. Alle dei tre tilsette på Gro`s Blomster har fagbrev som blomedekorator. Med det har dei kunnskap om alle planter og blomar og om kva som fungerer i ein samanplatning.

Med florogram kan du få levert planter over heile landet, men denne leveringa krev ofte noko tid. Ver ute i god dersom du vil senda planter og blomehelsingar ut av kommunen.

I morgon held vi fram førjulsserien vår, då med innslag frå Krambua og Julebua til Inger Lise Eidsvik.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal